

## **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 19.08.2014**

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt endringsforslag:

«Endring i pkt. 2. Av omsyn til biologisk mangfold rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av utbygging av Matlandselva kraftverk»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 vart vedteke med 11 røyster (H, Frp, V, Krf, Ap) mot 2 røyster (MDG) for Tomren sitt endringsforslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 – 8 vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Koldalsfossen kraftverk

1. Av omsyn til landskap, biologisk mangfald, friluftsliv og reiseliv rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Koldalsfossen kraftverk.

Matlandselva kraftverk

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygginga av Matlandselva kraftverk.
3. Av omsyn til vandrande kritisk truga ål må Coanda-inntak installerast.
4. Av omsyn til raudlista artar må planlagde anleggsvegar justerast etter funnlokalitetar.
5. Av omsyn til elveavsnittet med naturtype bekkekloft, fuktkrevjande artar og eventuelle gyteområde for bekkeaur må høgare minstevassføring vurderast.
6. Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
7. Dersom utbyggjar utgreier og dokumenterer fordeler for fuktkrevjande artar gjennom kunstige flaumar rår Hordaland fylkeskommune òg til reguleringa av Hafskorvatnet.
8. Utbyggjar må jf. Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland undersøke moglegheiter for å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.